

Kepler62: Nedteljing

Alle snakka om Kepler62. Før spelet kom ut. Nettet var fullt av rykte. Alle aviser. Tv. Radio. Be part of the story, stod det. Kva historie, då?

Alt Kepler-snakket interesserte meg. Noko eg for ein gongs skyld ikkje var den første til å få tak i. Noko som var vanskeleg. Noko som folk ikkje kunne finne cheats for eller kjøpe ei løysing på. Ein måtte spele Kepler62 og runde det for å få svar. Då ville fantastiske ting skje. Men ingen visste kva det var.

Eg liker ikkje å spele, og eg bryr meg ikkje om detaljar. På slutten av Kepler62 var det noko med ein dolk som ingen fann ut av. Ein kom til ei tredør, og då måtte ein online. Folk var dødsfrustrerte for at det var så vanskeleg. Det likte eg.

Og det var sant. Bak tredøra på level 100 var det noko. Ein løyndom. Ein gut i Sør-Korea hadde funne det ut. Ein i Canada. Ei jente i Finland. Dei nekta å seie noko, men det var bilete av dei. Dei dukka opp i annonsar, i ein slags grå uniform. Berre eit bilete av dei, og Kepler62-logoen: Vi fann svaret. Det var eigentleg irriterande enkelt, stod det.

Det er forresten feil at ein ikkje kan kjøpe svar. Alt kan kjøpast. Eg betalte nokre nerdar for å liggje i kø utanfor butikken og kjøpe Kepler62-spel. Det kan ikkje lastast ned. Eg betalte dei for å spele til dei runda spelet. Eg ville vite kva som var bak tredøra. Guten med nicket Halfman-halfbiscuit05 klarte det til slutt.

- Det er det verste spelet eg har spelt, sa han.
- Ok, sa eg, men du runda det, liksom?
- Ja, sa Halfman-halfbiscuit05 og trekte pusten. – Dette er temmeleg svære ting, Marie.
- Ja vel, sa eg spent. – Kva er den store løyndommen i Kepler62-spelet, då?

Oppgåver:

Sjå Elevbok 7A side 34.
Gjer oppgåvene 1–5.

Forenkla med løyve frå Bjørn Sortland

